

# Om regionalt planforum

Regionalt planforum er eit forum for å sikre samordning og samarbeid mellom lokale, regionale og nasjonale nivå i planlegging.

Plan- og bygningsloven § 5-3 slår fast at det i kvar region skal vere eit regionalt planforum. På [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no) er det også lagt ut «Rettleiar om organisering og gjennomføring av regionalt planforum». Det er Telemark fylkeskommune som opprettar og koordinerer planforumet.

I regionen har vi som mål å utvikle det regionale planforumet som ein nyttig og attraktiv møteplass for å sikre gode planprosessar, utvikling av gode planar og for å styrke plankompetansen og samhandlinga i fylket.

Planforumet skal mellom anna:

- vere eit utviklingsorgan for å effektivisere og auke føreseieleg sakshandsaming og redusere konfliktnivået knytt til regionale og kommunale planar
- medverke til auka aksept og årsaker til ulike omsyn
- medverke til auka kunnskap om nasjonale og regionale føresegner
- stimulere til auka harmonisering av planar mellom kommunane og mot regionale planar
- gje grunnlag for utvikling og samordning av uttaler

## Faste deltagarar i planforum

Frå fylkeskommunen:

- Leiar av planforum eller plankoordinator
  - Sekretær for planforum
    - Tar imot påmelding til planforum og sender møteinkalling
    - Reserverer møterom og eventuelt møtemat
    - Skriv og sender ut referat i samarbeid med plankoordinator
  - Hovudsakshandsamar
  - Andre sakshandsamarar frå ulike fagfelt  
(kulturarv, samferdsel, vatn, klima/miljø,  
Telemark natur og kulturpark, regiongeolog,  
Fensfeltet, reiseliv, Telemark kultur og naturpark  
m.fl.)
- Statsforvaltar og fylkeskommunen skal alltid møte.
- Kommunen (obligatorisk ved kommunal plansak)
  - Andre kommunar (saker med stor innverknad på andre kommunar)

Faste medlemmar som møter ved behov eller interesse. Lista er ikkje utfyllande.

- Villreinnemnd
- Statens vegvesen Region Sør (SVV)
- Mattilsynet

- Norges vassdrags- og energidirektorat ( NVE)
- Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
- Jernbanedirektoratet
- Avinor
- Luftfartstilsynet
- Bane Nor SF
- Kystverket
- Geoparken
- Fiskeridirektoratet
- Havnevesenet
- Statsbygg
- Forsvarsbygg
- Bispedømmeråd
- Lede

## Møter og oppmeldingsfrist

**Regionalt planforum blir arrangert onsdagar mellom 09.00–11.00 eller 12.00–14.00 etter avtale.**

Sak må meldast opp seinast 14 arbeidsdagar før møtetidspunkt på eit eige påmeldingsskjema [www.telemarkfylke.no](http://www.telemarkfylke.no). Sjå møtekalender og ta kontakt før påmelding.

I Telemark vert det avhalde planforum i partalsveker i 2025.

## Førebuing til møte i forum

### Kommunen

- Kommunen avgjer om og når det er behov for møtetid i regionalt planforum. Dette skjer i samråd med fylkeskommunen. Kommunen er ansvarleg for påmelding til planforumet.

- Sentrale opplysninger til sak med relevante vedlegg, meldast inn på eige skjema som ligg på [www.telemarkfylke.no](http://www.telemarkfylke.no). Hovudspørsmål og utfordringar må gå klart fram av oppmeldingsskjemaet.
- Saka må meldast inn så snart som råd og sendast fylkeskommunen innan 14 arbeidsdagar før avtalt møtedato.
- Fylkeskommunen sender ut saksdokument på epost til aktuelle partar 10 arbeidsdagar før møte blir avhalde. Kommunen har sjølv ansvar for å sende møteinnkallinga vidare internt og til dømes til utbyggjarar og konsulentar som kan delta.

## Regionale etatar

- Regionale etatar må førebu seg på sentrale spørsmål i sak som er av nasjonal og regional interesse, eventuelt andre sentrale opplysningar som det er viktig å melde til kommunen.
- I møtet skal det bli gjeve så tydelege signal som mogleg. Det gjeld spesielt plansaker som ikkje er på høyring. Der det er vanskeleg å gje tydelege signal i møtet, kan dette bli følgd opp med ei tilbakemelding eller eit eige møte i etterkant.
- Tilbakemelding i møteforumet erstattar ikkje høyringsuttaler etter Plan- og bygningslova (Pbl.).

## Struktur under møtet

- Tidsramme for møtet blir avklart i kvar sak.
- Møteleiar klargjer mål for møtet og seier litt om rollefordelinga og korleis møtet er strukturert, kva forventningar ein har og kor mykje tid det er sett av til møtet.
- Kommunen gje ei kort orientering, og formidlar kva spørsmål det er viktig å få fram i møtet (5-15 min).
- Dersom utbyggjar og/eller konsulent deltek, blir det sett av tid til ei kort orientering om planen samt spørsmål som er viktig å drøfte i møtet (10 min). Dersom utbyggjar og konsulent ikkje deltek gjer kommunen sjølv denne orienteringa.
- Deltakarane stiller spørsmål til kommunen og utbyggjar.  
Dei regionale og nasjonale representantane signaliserer sitt syn ut frå sine ansvarsområde.
- Møteleiar oppsummerer (maks. 5 min).

## Referat

- Eit kort referat frå møtet blir utarbeidd og sendt møtedeltakarane til godkjenning.
- Dei regionale og statlege etatane kan på bakgrunn av nye opplysningar som kjem fram i møtet, ha behov for å drøfte saka internt før referat blir sendt ut. I slike tilfelle blir dette formidla til kommunen seinast ei veke etter planforumet er avhalde.

# Saman om planforum

Dei ulike deltakarane i planforum har god erfaring i å møtast og å bli kjent med plansakene tidleg i planprosessane.

Fylkeskommunen ynskjer at vi saman skal utvikle Regionalt planforum som ein nyttig og attraktiv møteplass, både for å sikre gode planprosessar og planar og for å styrke plankompetansen og samhandlinga i fylket. Vi ber difor også om tilbakemeldingar på ting vi kan gjere betre.

## Påmelding til regionalt planforum

Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å legge fram utfyllanda bakgrunnsmateriale og stille klare spørsmål i planforumet.

Kommunen si orientering i møtet gje samtidig eit godt høve til å presentere forhold som gjeld planen både på overordna og detaljert nivå.

.

### Har du spørsmål?

Ta kontakt med

Hanne Birte  
Hulløen  
Plankoordinator  
Telefon 90176796  
[Hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no](mailto:Hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no)

eller

Kristin Løkslid Berg  
Sekretær for planforum  
Telefon: 918 80 541  
[kristin.lokslid.berg@telemarkfylke.no](mailto:kristin.lokslid.berg@telemarkfylke.no)